

Møtebok for

Årsmøtet i Øvre Naustdal Utmarkslag på Instedalen skule onsdag 28.02.18 kl. 1930

Desse møtte: Normund Svoen, Gudmund Eimhjellen, Odd Vonen, Olav Svoen, Ivar Teigen, Arne Dvergsdal, Andreas Sørebo, Marius Ness og Anders Neset

Sakliste

Sak 1 – Val av møteleiar

Normund Svoen vart vald

Sak 2 – Val av skrivar

Anders Neset vart vald

Sak 3 – Val av 2 til å skrive under møteboka

Gudmund Eimhjellen og Olav Svoen vart valde

Sak 4 – Godkjenning av innkalling

Det har vorte sendt ut to tekstmeldingar og melding på Facebook. Samrøystes godkjent

Sak 5 – Godkjenning av dagsorden

Denne var samrøystes godkjent

Sak 6 – Årsmelding 2017

Leiar gjekk igjennom årsmelding.

Ein merka seg at det mangla ein på at styret var fulltaleg på årsmøtet, då ein var sjukmeld, og begge vara på arbeid.

Utover det som elles er nemnd i den fyldige årsmeldinga:

Småvilttakseringa gjekk i 2017 føre seg i områda Nes, Gotdalen og Vona.

Skiltmerking av turstiar: Gudmund og Arne har stått for montering av kart og monter, og montera er bygde av Arne Sunde.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Sak 7 – Rekneskap for 2017

Rekneskapen syner ein saldo på kr 103 621,- på driftskonto, og kr 2540,- på prosjektkonto.

Det har vore bra sal parkering, båt og fiske. Ein har også hatt sal av storrusa.

Ein merka seg at ein har bra med midlar, og leiar oppmoda om forslag til moglege investeringar. Han foreslo som døme ny båt i Vonavatnet slik at ein kan ha ein til dagsturar og ein til lenger leige.

Revisjonsmelding vart lesen opp.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Sak 8 – Val

Leiar av valnemnda, Andreas Sørebo, la fram valnemnda si innstilling

- Val av leiar: Normund Svoen vart attvald
- Val av 2 styremedlemer: Gudmund Eimhjellen vart attvald, Anders Neset vart vald inn som nytt styremedlem
- Val av 2 varamedlemer: Narve Fimland og Kjell Arne Teigen vart attvalde.
- Val av 2 revisorar: Olav Svoen og Torstein Svorstøl vart attvalde.
- Val av 3 personar til valnemnd: Ivar Teigen vald som ny leiar av valnemnda. Andreas Sørebo vart vald inn som medlem. Arne Dvergsdal vart vald som ny vara.

Alle val var samrøystes og etter valnemnda si innstilling og utan motkandidatar.

Sak 9 – Eventuelt

Leiar takka av Arne Dvergsdal for godt arbeid som styremedlem med gode ord og gåve.
Leiar takka for godt samarbeid i styret.

Ref.: Anders Neset, 29.02.18

Olav Svoen

Gudmund Eimhjellen